

Tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontoret

Kapittel 0621, post 63 Arbeids- og sosialdepartementet

Godkjent av Arbeids- og sosialdepartementet: 30.10.2016

1. Mål for ordninga

Formål med tilskotsordninga er å stimulere til utvikling av sosiale tenester og tiltak i kommunane etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (sosialtenestelova). Ordninga skal støtte opp om nasjonale mål og prioriteringar.

Overordnede mål for ordninga er:

- Et heilhetleg og samordna tenestetilbod tilpassa brukaranes behov
- Økt kvalitet på tenestene

2. Målgruppe

Sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å komme i en vanskeleg livssituasjon.

3. Kriteriar for måloppnåing

Tenester og tiltak til målgruppa er kvalitativt forbedra gjennom ein meir heilhetleg lokal innsats for å bekjempe fattigdom og sosial ekskludering.

Tenestetilbodet er forbedra gjennom:

- betre individuell tilpassning og meir heilhetleg oppfølging av den enkelte
- styrka brukarmedvirkning og brukarorientering
- tidleg innsats og forebyggjande arbeid
- økt kunnskap og kompetanse
- koordinerte og samordna tenester.

Det er utvikla nye arbeidsmåtar, og etablert nye samarbeidsrelasjonar med aktørar utanfor NAV-kontoret.

Målgruppa for tenester og tiltak opplever økt inkludering i arbeid og samfunnsliv, og har fått betra sine levekår.

4. Tilskotsmottakar

Kommunen i NAV-kontoret.

5. Tildelingskriteriar

Tiltaka skal ta utgangspunkt i lokale utfordringar, sett i samanheng med måla for ordninga.

Grunnlaget for tiltaket bør være kunnskapsbasert (for eksempel analysar av KOSTRA-tall mv.)

Søknader som i størst mulig grad ivaretek følgjande punkt vil verte prioriterte:

- Tiltak som bidreg til ein heilhetleg lokal innsats for å forebyggje og redusere fattigdom og sosial ekskludering
- Tiltak som bidreg til individuell tilpassning og heilhetleg oppfølging av den einskilde og den einskildes familie
- Tiltak som bidreg til styrka brukarmedvirkning og brukarorientering på system- og individnivå
- Tiltak som bidreg til utvikling av nye arbeidsmåtar og samarbeidsformer
- Tiltak som bidreg til kompetanseheving, økt kunnskap og betre oversikt over levekårsutfordringar i kommunene.
- Tiltak som bidreg til samarbeid mellom tenester.
- Tiltak som bidreg til interkommunalt samarbeid
- Tiltak som styrkjer det forebyggjande arbeidet og tidleg innsats.

Det vert ikkje gitt støtte til tiltak der det førekjem direkte utbetalingar til brukar.

Innanfor måla for ordninga kan det verte gitt tilskot til tiltak som inngår i nasjonale forsøk, samt tiltak som er omtalt i Prop. 1 S og tildelingsbrevet til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Tildeling av midlar skjer etter ei skjønsmessig vurdering opp mot måla for tilskotsordninga. Tilskot vert gitt for eitt år av gongen, og kan bli gitt i inntil tre år.

6. Kunngjering

Tilskotsmidlane vert kunngjort på www.nav.no, arbeids- og velferdsforvaltningens interne nettside Navet og nettsidene til landets fylkesmenn.

Eventuelle prioriteringar knytta til nasjonale forsøk, målgrupper eller satsingar vil framgå av kunngjeringa.

7. Krav til søknadens form og innhald

Søknad om tilskot sendes til det respektive fylkesmannsembetet. Søknaden skal underteiknas av rådmannen/kommunens administrative leiing og NAV-ledar. Søknaden skal innehalde NAV-kontorets namn, adresse, organisasjonsnummer, kontonummer og kontaktperson.

Søknaden skal beskrive:

- Kva som skal oppnås lokalt, herunder målgruppa/-ene, innanfor rammene av måla for ordninga
- Levekår og utfordringar for målgruppa/-ene for tiltak (for eksempel KOSTRA-tall/folkehelseprofilar/ungdataundersøkelser og anna levekårsstatistikk)
- Kva slags oppgaver og teneste(r) innanfor det ordinære tenestetilbodet tilskotet skal bidra til å utvikle
- Metodisk tilnærming som vert lagt til grunn for tiltaket
- Søknadsbeløp og budsjett for tiltaket det vert søkt om tilskot til
- Informasjon om kommunen har søkt/motteke andre tilskotsmidlar til tiltak retta mot målgruppa/-ene
- Ein plan for korleis erfaringane fra tiltaket skal vidareførast og eventuelt implementerast i ordinær drift (avtaler, planar, budsjett mm)

Øvrige krav til søknaden framkjem av søknadsskjemaet som er lagt ved kunngjeringa.

Spesielt for søknader om tilskot til tiltak som inngår i nasjonale forsøk:

- Søknaden sendes direkte til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

8. Krav til søknadsbehandling

Søknad om tilskot skal vurderast av det respektive fylkesmannsembetet som vidaresender søknaden(ane) samt si innstilling til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

For tiltak som søker vidareføring, skal det foreligge årsrapport og rekneskapsrapport for det foregående året innan fastsatt frist.

Arbeids- og velferdsdirektoratet gjer ei vurdering av fylkesmannsembetas innstilling og fattar vedtak. Arbeids- og velferdsdirektoratet oversender fullmaktsbrev til Fylkesmannen i tråd med tildeling.

Fylkesmannen sender tilskotsbrev til kommunen i NAV-kontoret.

Spesielt for søknadar om tilskot til tiltak som inngår i nasjonale forsøk:

- Arbeids- og velferdsdirektoratet vurderer og fattar vedtak om tilskot til tiltak.

9. Reglar for klagebehandling

Tildeling av/avslag på tilskot under ordninga er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er ikkje klagerett på avgjersla..

10. Rutinar for utbetaling og tilbakebetaling

Tilskotet vert utbetalt av Fylkesmannen når tilskotsmottakar har fylt ut, signert og returnert bekreftelsen som er vedlagt tilskotsbrevet.

Ubenytta tilskotsmidlar kan overførast, og vil da kome til fråtrekk ved utbetaling av neste års tilskot.

Midlar som ikkje er godkjende for overføring eller er benytta i strid med regelverket skal tilbakebetalast. For mykje utbetalt tilskot skal utan unødige opphald returnerast til Arbeids- og velferdsdirektoratet med referanse til kapittel, post og ordning.

Spesielt for søknader om tilskot til tiltak som inngår i eventuelle nasjonale forsøk:

- Tilskotet vert utbetalt av Arbeids- og velferdsdirektoratet

11. Krav til rapportering fra tilskotsmottakar

Det skal rapporterast om lokal måloppnåing i henhold til relevante kriteriar for måloppnåing til det respektive fylkesmannsembetet med kopi til Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Det skal rapporterast årleg om status for gjennomføring av tiltaket.

- Statusrapportering skal gjerast gjennom elektronisk rapportering.
- Rekneskap pr. 31.12. skal sendast inn saman med statusrapporten.
- Manglande rapportering innan gitt frist vil medføre avslag på ny søknad.

Ved avslutning av tiltaket skal det utarbeidast sluttrapport.

Krav til rekneskap:

- Det skal førast eget prosjektrekneskap for tiltaket, og det skal opprettast ein egen kostnadsstad for tiltaket.
- Rekneskap skal kunne sammenlignast med budsjett for tiltaket.

Spesielt for søknader om tilskot til tiltak som inngår i nasjonale forsøk

- Det kan verte stilt særskilte krav til rapporteringa i tilskotssbrevet.

12. Oppfølging og kontroll

Arbeids- og velferdsdirektoratet eller den det bemyndigar, kan føre kontroll med at bevilgninga vert nytta etter føresetnaden i heile tilskotskjeda, jf. Bevilgningsreglementet § 10, annet ledd.

13. Bortfall av tilskot

Dersom tilskotsmottakar ikkje har oppfylt krava som framgår av regelverket eller tilskotsbrevet fell tilskotet bort.

14. Evaluering

Behov for evaluering vurderast og vert avgjort i samråd med departementet.